

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018

Sara Hamre Sekkingstad (Sp) sette på vegne av Sp, A og KrF frem slikt forslag:

«Forslag 6 i innstillinga frå utval for miljø og samferdsel vert erstatta med forslag 7 i fylkesrådmannen si innstilling».

Røysting

Innstilling frå miljø og samferdsel punkt 1-5 ble samrøystes vedteke.

Sekkingstad sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (A, Sp, KrF) mot 6 røyster (Frp, V, H).

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling støttar i hovudsak Statens vegvesen i vurderinga av kva alternativ som er lagt til grunn for vidare planprosess, kor det er lagt opp til tunnell til tre moglege påhogg i Øvre Steinsdalen, samt påhogg i Kleiva, Røyrlø, Eikedalen og Frøland på vestsida av Tokagjelet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling støttar Statens vegvesen i konklusjonen i planprogrammet om at det ikkje er ønskjeleg å utbetre dagens veg eller å kople saman Snauhaugs- og Fossagjeltunnelen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber Statens Vegvesen vurdere alternativa i Øvre Steinsdalen, samt Røyrlø, Kleiva, Eikedalen, og Frøland for påhogg til tunnel, for å få betre utgreidd konsekvensane knytt til ikkje-prissette tema som landskapsinngrep, landbruk, kulturminne, samt usikkerhet knytt til rasutfordringar.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at alternativ med påhogg i Eikedalen blir vurdert på nytt med omsyn til om det er mogleg å finne fram til tilfredstillande løysingar knytt til ras-sikring.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling peikar på at gamlevegen opp Tokagjelet er eit forskriftsfreda kulturminne av høg nasjonal verdi. Det vidare arbeidet med ny veg bør leggje til rette for at vegen som kulturminne vert halden i hevd etter dei føringane som forskriftsfredinga har.
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at planarbeidet må vektlegge omsynet til gåande og syklende. Planprogrammet må vurdere om det kan tillatast trafikk for syklende og gåande på noverande veg i Tokagjelet